



Kultur- og kyrkjedepartementet
Kultuvra- ja gircodepartemeanta
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

kopi postmottak@kkd.dep.no

Evenes 12.05.06

Deira ref: 2006/01001 KU/KU2 CHA

Høring – Forslag til ny forskrift om skrivemåten av stadnamn

Várdobáiki samisk senter i Sør-Troms og Nordre-Nordland ynskjer å komme med følgjande merknader til forslag til ny forskrift om skrivemåten av stadnamn.

Várdobáiki meiner forslaget er eit framskritt.

1. Merknaden bygger på framlegget slik det er formulert i avsnitt i § 1 Definisjonar, som lyder:
Med nedervd lokal uttale er meint den uttalen som er munnleg og skriftleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk.
2. Det er samsvar mellom denne definisjonen og konkretiseringa i utkastet til rettleiing, del 2. Om skrivemåten av stadnamn, bokstav c, med:

Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn – ei liste over sentralkonsonantar i Sør-Troms/Nordre Nordland som det kan takast omsyn til:

Men ut frå prinsippet at det er brukarane på staden/i regionen som har skapt namnet, har halde det ved like og er dei primære brukarane i dag, og at ein i tillegg ikkje skal øve vald mot samisken som folk nyttar, må "kan" skiftast ut med "skal", slik :

c) Til § 5 i Forskrifta: Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn – ei liste over sentralkonsonantar og endekonsonantar i Sør-Troms/Nordre Nordland som det skal takast omsyn til:

Det må leggest til eit underpunkt:

z. Konsonantane p, t, k og m som utlyd skal brukast, der den lokale namneforma har halde ved lag endekonsonantane som før var allmenne i nordsamisk.



3. Vurdering:

Region kontra dialekt:

Det er positivt at det i utkastet blir relatert til *regionen*, og ikkje til *dialekten* "Tornedals-samisk". Grunnen er at grunnlaget for den nordsamiske varianten av samisk i regionen i dag er samisken som vart tala i Mearrariika (Havlandet) og Badjeriika, "Landet der oppe i aust", før verknadene av kolonisering frå Kautokeino til Karesuando og Tornedalen tok til etter at flyttinga med rein til Finland/Russland tok slutt ved grensestenginga i 1852 (Jf. Bjørn Collinder si undersøking frå 1916).

Finmarkssamisk eller nordsamisk:

Sluttkonsonantane det som blei påakta som i språket "samisk" i Noreg, Sverige og Finland var til 1948 dei som var felles for samar i området som i dag er fastsett som det opphavelige geografiske området for nordsamisk. Grunnlaget for det som frå 1948 blei kalla "samisk" i Noreg og Sverige, var "finnmarsksamisk på grunnlag av dialektane i Polmak, Karasjok og Kautokeino", slik studieobjektet "samisk" blei kalla da studiet til samisk grunnfag blei oppretta ved Universitetet i Oslo frå 1962. Nemninga "nordsamisk" er seinare blitt eit resultat av at lulesamisk og sørsamisk fekk offentleg merksemd.

Helsing/Dearvvuodat

Sign
Marit Einejord
Styreleder/Stivrajođiheadđji

Kjersti Myrnes Balto
Kjersti Myrnes Balto
Daglig leder/Beaivválaš jođiheadđji